

Opplegg til «Eg vil vere ei røyst for dei røystelause»

Før lesinga

Klassesamtale/grupper:

Sjå på overskrifta, bileta og les ingressen.

La elevane snakke seg imellom med utgangspunkt i spørsmål som:

- Kva slags forventingar får du til teksten?
- Kva sjanger er dette?
- Kva synest du om overskrifta? Kva kan den bety?
- Kva trur du intervjuet handlar om basert på ingressen (det første avsnittet)?
- Kva meiner dei med "røystelause" i denne samanhengen, trur du?
- Har du høyrte om boka Stjerner i mørke før? Kanskje nokon har lese den?
- Finn ut kvar Somalia ligg på kartet, årsaka til borgarkrigane der og om talet på flyktingar årleg.

Undervegs

- Strek under alle ord som handlar om nestekjærleik, omtanke og det å vere eit medmenneske.
- Strek også under ord og setningar som du synest er interessante.
- Tenk på kva som kan vere formålet med teksten. Sett gjerne ein strek under delar av teksten som du meiner er viktig for formålet.

Etter lesinga

I læringspar:

- Omar Mohamed har opplevd mykje i sitt liv. Mykje som unge menneske ikkje skal behøve å oppleve. Kva tenkjer de er det verste med å vekse opp i ein flyktingleir?
- Omar trekk fram hendinga då broren forsvann ut av flyktingleiren som den mest redselsfulle i liv sitt. Kva fortel det om hans forhold til broren?
- Omar fortel om det å bli integrert inn i eit nytt og heilt ukjent samfunn som vanskeleg og problematisk. Kva kan vi gjere for menneske som kjem frå flyktingleirar, flyktar frå krig og/eller forfølging?
- Kvifor er det problematisk å leve i uvissa over lang tid, ifølge Omar?

Klassesamtale/grupper:

- Kva kjenneteiknar intervjusjangeren? Kva slags type intervju er dette?
- Kva er hovudmålet med teksten, trur du?

- Kva gjorde mest inntrykk i intervjuet?
- Kva meiner du er det viktigaste for ei trygg oppvekst?
- Kva synest du om Omar si beskriving av viktigheita av å kunne eige ein blyant, penn og ei bok?
- Synest du intervjuet var interessant? Kvifor/kvifor ikkje?

Vidare

- Finn ut kva læringspartnaren din synest er viktig å gjere for folk i flyktningleirar. Lag eit intervju med partnaren om dette.
- Lag ei presentasjon av eit land med krig eller konflikt, der menneske har blitt tvungne på flukt, enten i eiga land eller ut av landet. Forsøk å finne ut årsakar til konfliktane, og omfanga av flyktningkrisane.
- Fleire organisasjonar som jobbar for folk på flukt blir nemnde i boka. Finn informasjon om desse på www.refugeesstrong.org, www.flyktninghjelpen.no og <https://www.unhcr.org/neu/no> (FNs høgkommissær for flyktningar). Vel ei av nettsidene og lag ein digital presentasjon om kva organisasjonen arbeidar med.
- Les boka Stjerner i mørke og skriv ei bokmelding, eller gjennomfør litterære samtalar om den. Eller berre les den.